



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Planutvalg

Møtested: Formannskapssalen, 3. etg.

Møtedato: 03.04.2014

Tidspunkt: 16:00 - 17:00

Til behandling: Saksliste nr. 017/14 - 020/14

Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
FRP - Hogne Bleie (Medlem)
V - Marit Sætren (Medlem)
KRF - Dag Almenning (Medlem)
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Varamedlemmer:

SP - Reiel Fagerlid (Varamedlem)

Forfall:

SP - Asgeir Solheim (Medlem)

Av 9 medlemmer møtte: 8. Totalt frammøtte: 9

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite og tjenesteleder plan- og utvikling Janne Midtbø.

Måløy 3. april 2014

Morten A. Hagen
ordfører

Linda A. M. Larsen
tjenesteleder Service

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
017/14	Godkjenning av møteprotokoll	
018/14	Referatsaker	
019/14	Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord	
020/14	Vedtak av Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014-2024, strukturdel	

Ingen merknader til selve innkallingen.

FrP v/repr. Hogne Bleie viste til tilbakemelding til ordfører om at det er en uting med møter som ikke står på møteplanen.

Ordfører Morten A. Hagen kommenterte at innkalling til ekstraordinært møte var sendt i god tid, og at det i utarbeidelsen av møteplan for 2014 var skissert at ekstra møter ville tilkomme.

Bryggjalista ved repr. Einar Midtbø kommenterte at det er greit om møtene starter kl. 14.00 og ikke kl. 16.00.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	03.04.2014	017/14

Endelig vedtak i: Planutvalg	Arkivsaknr.: 14/474	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
--	-------------------------------	---

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

03.04.2014 Planutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

PU-017/14

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 27.03.2014 ligger under «Mine referater» i Politikerportalen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	03.04.2014	018/14

Endelig vedtak i: Planutvalg	Arkivsaknr.: 14/473	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
---------------------------------	------------------------	--

Referatsaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

03.04.2014 Planutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

PU-018/14

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID		Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/2497	I	27.02.2014	Bremanger kommune	Vedtak Bremanger kommune, K-sak 069/13 - 12.12.2013 - Kommunedelplan for parsell av Rv 614, Svelgen - Myklebust
2	14/2087	U	21.02.2014	Referatsaker - Planutvalget 03.04.2014	Referatsaker - Planutvalget 03.04.2014



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	27.03.2014	014/14
Planutvalg	03.04.2014	019/14

Endeleg vedtak i: Planutvalet	Arkivsaknr.: 10/545	Saksansvarleg: Janne Midtbø
---	-------------------------------	---------------------------------------

Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord

Rådmannen si innstilling

1. Planutvalet i Vågsøy vedtek i medhald av § 11-14 i plan- og bygningslova å leggje framlegg til Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord med føresegner, plankart og planskildring datert 17.03.2014 ut til offentleg ettersyn.
2. Kunngjering vert effektivert når samsvarande vedtak ligg føre i begge kommunane Vågsøy og Bremanger.

27.03.2014 Planutvalg

Møtebehandling:

Et samlet planutvalg ønsket at saken utsettes til neste møte i Planutvalget 03.04.2014. Planutvalget ønsker å samkjøre med Bremanger kommune i forhold til videre behandling av saken. Ordfører Morten A. Hagen i Vågsøy kommune tar kontakt med Bremanger kommune og orienterer om det dette i planutvalgsmøte 03.04.2014.

Votering

Ingen votering.

PU-014/14

Vedtak:

Saken utsettes til møte i Planutvalget 03.04.2014.

03.04.2014 Planutvalg

Møtebehandling:

Et samla planutvalg fremmet følgende endringsforslag:

«1. Planutvalget vedtar å ikkje leggje framlegg til Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord med føresegner, plankart og planskildring datert 17.03.2014 ut til offentleg ettersyn. Planutvalget ønskjer å få utreda brualternativ.

2. Planutvalget ber om at det vert innarbeid brualternativ i Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord, og at planarbeidet vert kostnadsberekna med finansiering.»

Votering

Det ble votert alternativt over rådmannens forslag og endringsforslag fra et samla planutvalg. Endringsforslaget fra et samla planutvalg ble enstemmig vedtatt.

PU-019/14

Vedtak:

1. Planutvalget vedtar å ikkje leggje framlegg til Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord med føresegner, plankart og planskildring datert 17.03.2014 ut til offentlig ettersyn. Planutvalget ønskjer å få utreda brualternativ.

2. Planutvalget ber om at det vert innarbeid brualternativ i Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord, og at planarbeidet vert kostnadsberekna med finansiering.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Plan- og bygningslova
Arealdelen til kommuneplanen for Vågsøy 2002-2014

Bakgrunn for saka

Med bakgrunn i sluttrapport frå prosjektet 45-minuttsregionen er det sett i gong arbeid med kommunedelplan for kryssing av Ytre Nordfjord. Prosjektet "45-minuttsregionen" er eit samarbeid mellom kommunane Flora, Bremanger og Vågsøy om ein plan for utbetring av vegnettet for å oppnå kortare reisetid og følgjelege in felles bu- og arbeidsmarknad. Dette er og å rekne som ein del av prosjektet Kystvegen Ålesund-Bergen.

Sluttrapporten for etablering av 45-minuttsregionen har ei prioritering av tiltak, som kommunestyra i dei tre kommunane har slutta seg til. Denne kommunedelplanen med kortare ferjekryssing over Ytre Nordfjord har prioritert 2, etter tunnel på strekninga Svelgen-Indrehus.

I Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010-2013 vart 45-minuttsregionen sett opp på marginalista i uprioritert rekkjefølgje. I vedtaket av handlingsprogrammet seier fylkestinget at 45-minuttsregionen er ei naturleg vidareføring av Bremangersambandet del 2, og at ein vil arbeide for realisering av prosjektet ved utvida brukarfinansiering og statleg regionbyggjepakke. Fylkesutvalet har gjort vedtak om forskotering av kr 2 millionar til planlegging av parsellane i 45-minuttsregionen i sak 5/11 den 06.04.11.

Planutvala i kommunane Bremanger og Vågsøy gjorde våren 2013 vedtak om planoppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn (Vågsøy 020/12 28.03.2012) Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret i Vågsøy kommune 20.06.2012 i sak KST 046/12 og i Bremanger kommune i KST 037/12 21.06.2012). Sjølve planarbeidet starta opp i mars 2013.

Det er nedsett ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Vågsøy kommune, Bremanger kommune og Statens vegvesen og ekstern konsulent i tråd med planprogram. Kommuneplanen er utarbeidd av Norconsult AS som ekstern konsulent. Planutvala i dei to kommunane fungerer som styringsgrupper og har i planfasen fått statusoppdateringar presentert som referatsaker. Det er ikkje nedsett ei eiga felles styringsgruppe for dette planarbeidet.



Det er utarbeidd eit utkast til planframlegg for som vert lagt fram for planutvalet for handsaming av planframlegg til Kommunedelplan Fjordkryssing Ytre Nordfjord. (Parsell 1 av prosjektet 45-minuttsregionen.) Planutvalet skal ta stilling til vedtak om offentleg høyring av planframlegget. Høyringsfristen er 6 veker etter kunngjering.

Saksopplysningar / fakta

Ved høyringa skal høyringspartar m.a. vurdere om tiltakshavar har gjennomført konsekvensutgreiing i tråd med planprogram, og dermed oppfylt utgreiingsplikta. Kommunedelplan og konsekvensutgreiing er utarbeidd i samsvar med fastsett planprogram og arbeidsgruppa har vurdert ulike løysingar og optimalisering av trasear som no ligg føre.

Det er utgreidd tre alternativ mellom Hamnen og Ørnevika på Rugsundøy i Bremanger kommune og tilsaman 9 ulike alternativ mellom rv 15 og ny ferjekai ved anten Vemmelsvik eller Biskjelneset i Vågsøy kommune. Traséane utgjer om lag 2 km i Bremanger og 3 km i Vågsøy og er utgreidd i høve til 0-alternativet som er å oppretthalde sambandet Oldeide-Måløy. Ferjestrekninga Ørnevika-Vemmelsvik er ca 2,5 km og Ørnevika-Biskjelneset er ca 1,8 km. Overfartstid er omlag 11-13 minutt.

Alternativa på kvar side av fjorden er vist i figuren nedanfor og gjeve nærare omtale i planskildringa. I konsekvensutgreiinga er heile planområdet frå fv 616 til rv 15 inkludert ferjestrekningar sett under eitt. Namnsettinga på alternativa er endra i høve til planprogrammet for betre å skilje dei ulike alternativa.



Vurderingar Vågsøy kommune

Skavøypollen

På grunn av komplisert tilkopling av ny veg ved Nygård og bru i konflikt med naustområdet i Straumen, har det vore utgreidd to alternative koplingar til rv 15 delvis på fylling ved Tennebø-Nygård. Mellom Grønevika og Djupevika vil ny veg gå i same trase som eksisterande veg. Området vert mykje nytta som turveg og det er lagt inn i plankartet at det skal oppretthaldast samanhengande turveg frå Nygård til Evja. Standard på turveg kan bestemmast i neste planfase.

Blåfjell - Allmenningsfjellet

Det er påvist stor fare for ras og steinsprang ved Blåfjell. Kostnader ved rassikring vil kunne verte høge. Dersom trasé her vert vald må ein i neste planfase vurdere rassikringskostnader meir i detalj og vurdere om delar i staden bør leggest i tunnel som rassikringstiltak. Planavgrensinga ved Blåfjell har teke høgde for dette.

Husevågøy

Flytting av ferjesambandet over Ytre Nordfjord uansett val av vegtrase og ferjekai vil medføre endra rutestruktur til og frå Husevågøy kor det i dag er stopp på signal på langt dei fleste overfartane Oldeide-Måløy. I planskildringa er det nemnt ulike løysingar. Eiga ferje, bilførande hurtigbåt, skysbåt med arbeids- og skulerute i kombinasjon med nokre få ferjeavgangar for dagen. Det er ikkje mogeleg å oppretthalde tilbodet i dag om ein samstundes skal ha høg frekvens på hovudsambandet og berre ei ferje i drift. Val av traséar for nytt ferjesamband over Ytre Nordfjord kan gjerast uavhengig av kva løysing det vert i framtida for Husevågøy. For Husevågøy vil 0-alternativet vere best.

Vurderingar Bremanger kommune

Rugsundøy

Ved Hamnen er det i tillegg til det som følgjer av planprogrammet utgreidd eit alternativ med lang tunnel for å unngå dei store kulturmiljøverdiane som er registrert langs Skatestraumen. I samsvar med planprogrammet er det vurdert ein variant med veg over tunnelmunningen ved Hamnen (4b). Denne variant er vurdert, men ikkje tilrådd vidareført då denne løysinga har størst negativ konsekvens for kulturmiljø.

I konsekvensutgreiinga for ikkje-prisette konsekvensar og sårbaranalysen kjem venteleg lang tunnel på Rugsundøy betre ut enn dagløyning langs Skatestraumen med kort tunnel til Ørnevika. Investeringskostnadene er størst for lang tunnel alternativ 5, men konflikt med kulturminna i alternativ 4a gjev utfordringa der.

Sårbaranalyse

Sårbaranalysen viser at det jamt over er påvist liten til middel sårbarheit i planområdet og liten skilnad mellom alternativa. Alternativa nedfor Blåfjell kjem dårlegast ut i Vågsøy pga. at området er rasutsett. Liten skilnad i Bremanger.

Massehandtering

Tiltaket medfører eit overskot av masser frå tunneldriving samstundes som etablering av vegfyllingar og kaiområde vil krevje tilførsel av større mengder masse. Massebalanse synes derfor å vere relativ god i dei fleste kombinasjonsalternativa. Nokre kombinasjonar med korte tunnelar og mykje utfylling vil medføre for lite masse medan alternativ med lange tunnelar gjev eit overskot. Planar om næringsareal, hamneareal og offentleg formål i sjø ved Djupevika, Stommen og Tennebø vil vere aktuelle område for overskotsmassar som dermed kan kome direkte til nytte. I den grad det vert behov for tilførte massar er det potensiale for masse både ved Biskjelneset, Hamnen og massetak ved Allmenningsfjellet.

For alternativa på Rugsundøy vil val av lang tunnel kunne gje eit masseoverskot. Om dette vert kombinert med alternativ på nordsida med masseunderskot må ein seinare vurdere masseflytting over fjorden vert aktuelt eller ikkje. Val av kort tunnel i sør vil kunne gje tilnærma balanse eller underskot på masse.

Når endeleg trase er vald vil ein sjå i kva grad det vil vere eit reelt masseoverskot eller ikkje. Endeleg avklaring for dette må vurderast i neste planfase.

Prissette konsekvensar

For prissette konsekvensar og EFFEKT skal alternativa i Bremanger sjåast i samanheng med alternativa i Vågsøy. I planprogrammet sto det at planarbeidet skulle tuftas på trafikk- og finansieringsanalyse frå 2010. Høgare investeringskostnader i ANSLAG enn det som analysen la til grunn, endring i trafikk som følgje av Bremanger II og uvisse kring framtidig E39 har medført at det er naudsynt med oppdatert grunnlag.

Alle alternativa kjem ut med positiv netto nytte når det gjeld prissette konsekvensar. Dvs. at dei er samfunnsøkonomisk lønsame. Alternativet som kjem best ut er alternativ med kort tunnel både i Vågsøy og Bremanger. Alternativ med lang tunnel på begge sider av fjorden kjem venteleg dårlegast ut.

Det er bestemt å ikkje legge inn bompengar i netto-nytte vurderinga. Trafikkavvinga som bompengene innkreving medfører kjem difor ikkje fram i talmaterialet. Netto-nytte vert venteleg redusert i innkrevjingsperioden avhengig av kor høge takstane vert.

Fylkestinget har i handsaminga av RTP i desember 2013 bede om ei sak som omhandlar:

- Ferjeavløysingsmidlar Måløy-Oldeide og Stårheim-Isane
- Brukarfinansiering/bompengar av strekninga
- Statleg løyving på minst 200 mill. kroner

Samanstilling av samla konsekvens

Det er ikkje påvist store konfliktar med ikkje-prissette konsekvensar på nordsida av fjorden. Størst negativ konsekvens er det i høve landskapsbilete ved Blåfjell. Alternativ med tunnel til Biskjelneset kjem noko betre ut enn tunnel til Angelshaug og Vemmelsvik. Nede ved Skavøypollen er det lite som skil. Alternativa med lange tunnelar i Vågsøy gjev høge kostnader utan at det samstundes vert vesentleg betre løysingar sett opp i mot ikkje-prissette konsekvensar.

Målsetting med planarbeidet

Til grunn for arbeidet ligg ei målsetjing om å kunne redusere reisetida mellom Svelgen og Måløy til 45 minutt. I høve dette målet er ferjestrekninga Ørnevika-Biskjelneset omlag 700 m kortare (2 min) enn Ørnevika-Biskjelneset. Vegstrekket Vemmelsvik-Nygård er til gjengjeld litt kortare enn Biskjelneset-Nygård utan at dette betyr mykje for reisetida. For reisande som skal mellom Svelgen og Måløy vil det vere lite forskjell på dei ulike alternativa. Kort ferje og lengre veg vert omtrent som lang ferje og kort veg. For reisande Kystvegen Ålesund-Bergen vil Nygård-Vemmelsvik-Ørnevika kunne gje omlag 3-4 minutt lenger reise enn Almenningfjellet-Biskjelneset-Ørnevika. Det er å merke seg at langt dei fleste reisande mellom Bremangerlandet/Frøya og Måløy ikkje vil få kortare reisetid, men auka frekvens på ferje.

Ei ferje vil alltid utgjere ei større barriere. Behov for innlegging av tidsbuffer for å vere sikker på å nå ei ferje vil gje eit tillegg til faktisk reisetid. Det er difor vanskeleg å nå målet om å klare å reise frå Svelgen rådhus til Vågsøy rådhus på 45 minutt.

Nytte av prosjektet sett i høve til framtidig bru

I planprogrammet er det sagt at ein i planarbeidet skal vurdere korleis alternativa vil verke ved realisering av eit framtidig brusamband. Alle alternativa i planprogrammet og i det vidare

planarbeidet har linjeføring fram mot ferjekai uavhengig av bru. Det har difor ikkje vore vurdert vegliner med hovudtrase fram mot ei uavklart framtidig bru knytt saman med ei "mellombels" avkøyring til ferjekai.

Skisseprosjekt som er utført av Aas-Jacobsen for Kystvegen Ålesund-Bergen i desember 2013 legg til grunn seglingshøgde på 70 m og landar 50 moh like over planlagt tunnel og ferjekai ved Biskjelneset. Gitt at det først vart bygd vegar fram til ferjekaiane, som er vurdert i denne planen, vil det børre vere alternativ 3a med tunnel til Angelshaug som kan få ein nokolunde akseptabel kopling til denne brua.

Det mest naturlege er at det frå brua kjem ein "ny" tunnel mot Almenningsfjellet eller som knyt seg til ny vegtrasé ved Djupevika. På sørsida av fjorden vil kopling til tunnel ved Ørnevika truleg vere uproblematisk vegteknisk, men her hadde det vore naturleg å vurdere eit alternativ utan tunnel heilt frå Hamnen til brua.

Vidare planarbeid

Det er nyleg gjort vedtak i både Vågsøy og Bremanger å utgreie ny bru i staden for flytting av ferjesamband. Vågsøy kommune vedtok 17.10.2013 utviding av kommuneplanarbeidet til å inkludere bru-prosjektet til Kystvegen Måløy-Florø AS. Bremanger vedtok på si side i sak KST-069/13 12.12.2013 mellom anna at det snarast må setjast i gong planlegging av bru over Ytre Nordfjord.

Arbeidsgruppa konkluderte med at ei utviding av planarbeidet til og å gjelde brualternativ seint i planprosessen, ikkje var mogleg innafor prosjektet sine kostnadsrammer.

Vurdering / konsekvensar

Rådmannen i Vågsøy meiner at dersom det skal vere mogleg å finansiere prosjektet kan ein ikkje tilrå kombinasjonsalternativa med relativt lange tunnelar både på sørsida og nordsida av fjorden.

Den største konflikten med ikkje-prisette konsekvensar i heile planområdet sett under eitt vil vere knytt til alternativ 4 og kulturmiljø ved Hamnen og langs Skatestraumen på Rugsundøy. Ein kombinasjon som inkluderer alternativ 5 og lang tunnel på Rugsundøy vil vere det beste ut i frå ikkje-prisette konsekvensar. På nordsida i Vågsøy bør kostnader leggjast til grunn for val av løysing.

Rådmannen i Vågsøy rår til at alternativ 1c og 2c med veg på fylling/bru frå Tennebø til Neset vert forkasta og ikkje vert lagt ut på høyring. Alternativa vil redusere moglegheitene for utviding av område for skule og offentleg formål ved Tennebø. Samstundes vil det vere i konflikt med mogleg bustadfelt på Neset/Grønevika.

Rådmannen rår og til at alternativ 3a med veglinje gjennom Angelshaug til Biskjelneset vert forkasta og ikkje lagt ut på høyring fordi fylling gjennom kulturlandskapet ved Angelshaug har store negative landskapsverknader.

Rådmannen rår til at resten av alternativa; 1a,1b, 2a, 2b, 3b og 3c vert lagt ut på høyring.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
135212	5131728_BremangerPlanMedKPA_1.pdf
135213	5131728_BremangerPlanMedKPA_2.pdf
135214	5131728_VågsøyPlanMedKPA_1.pdf
135215	5131728_VågsøyPlanMedKPA_2.pdf
135216	FjordkryssingYtreNordfjord_Bremanger_PlanID_1438_2012_13.pdf
135217	FjordkryssingYtreNordfjord_Vågsøy_PlanID201306.pdf
135218	Føresegner og retningsliner endringsframlegg frå VK og BK.docx
135219	Planskildring KDP Ytre Nordfjord forslag43.pdf
135220	Ytre Nordfjord 3D illustrasjonar.pdf
135221	Ytre Nordfjord Teikningshefte.pdf
135233	5121728_KU Landskap.pdf
135234	5131728_Ingeniørgeologisk rapport KDP Nordfjord.pdf

135235	5131728_Rapport ROS.pdf
135236	KDP Ytre Nordfjord -vind og bølger.pdf
135237	KU Kulturmiljø KDP Nordfjord.pdf
135238	Notat - EFFEKTberegning Ytre Nordfjord.pdf



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Planutvalg	03.04.2014	020/14
Oppvekst- og kulturutvalg	03.04.2014	018/14
Kommunestyre	10.04.2014	

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 12/35	Saksansvarlig: Tone Holvik
------------------------------------	-----------------------	-------------------------------

Vedtak av Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014-2024, strukturdel

Innstilling til vedtak:

1. Kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014 – 2024, Strukturdel.
2. I den framtidige strukturen vert Holvik skule omgjort til framtidig barnehage (noverande Holvik barnehage og Skramsmarka barnehage). Noverande Skramsmarka barnehage vert lagt ned.
3. Kommunen skal ha 3 barneskular lokalisert til Skavøypoll, Skram og Raudeberg.
4. Ungdomsskolen i Vågsøy skal framleis vere lokalisert på Gotteberg.
5. Opplæring i og på teiknspråk (OL § 2-6) vert lagt til Skavøypoll skule.
6. Særskilt norskopplæring for språklege minoritetar / morsmålsopplæring vert lagt til Skram skole.

28.01.2014 Oppvekst- og kulturutval

Møtehandsaming:

Kommunalsjef Tone Holvik orienterte og svarte på spørsmål.

Utvalet diskuterte konsekvensane av vedteke budsjett, og nødvendige endringar i strukturen for å halde budsjettet.

Ap-v/Frode F. Kupaen peikar på kor viktig det er å oppgradere og vedlikehalde skulane som eventuelt skal ta imot fleire elevar.

Frp-v/Kåre Eide peikar på at det er viktig å halde seg til planprosessen som vart vedtatt for nokre år sidan.

Kommunalsjef Tone Holvik informerer at administrasjonen har utført dei politiske vedtak som er gjort, og for å komme tilbake til opprinnelig planprosess må det eit politisk vedtak til.

OK-utvalet er eit fagutval som skal legge fram alternativ for Planutvalet og Formannskapet og be om at dei tek stilling til føreslegne alternativ.

Ap-v/Frode Kupaen peikar på kor usikkert det er å forutsjå komande utgifter ved ombygging og rehabilitering av gamle bygg.

H-v/Yolima Ramsevik peikar på kor viktig det er å sjå fram i tid og på kva kommunen får igjen for ny skulestruktur.

Ap-v/Frode F. Kupaen foreslår at OK-utvalet stiller seg bak og ber om ei samanfating og dokumentasjon av:

«OK-utvalet ber om at følgande to alternativ skal grundigare utgreiast til Plan- og Formannskapsmøte 30.01.2014:

1. Skavøypoll, Skram og Raudeberg skule skal utbetrast til ein standard som er framtidsretta og har ein forventa levetid på 40 år.
2. Ny felles barneskule

For ungdomsskule:

3. Oppgradering av eksisterande skule.
4. Ny skule på Tennebø, utan idrettsdel. Samfunnshallen og fleirbrukshallen skal brukast til gym.»

Votering

Det vart votert over alternativet og det vart vedtatt med fem mot to røyster.

OK-007/14

Vedtak:

OK-utvalet ber om at følgande to alternativ skal grundigare utgreiast til Plan- og Formannskapsmøte 30.01.2014:

1. Skavøypoll, Skram og Raudeberg skule skal utbetrast til ein standard som er framtidsretta og har ein forventa levetid på 40 år.
2. Ny felles barneskule

For ungdomsskule:

3. Oppgradering av eksisterande skule.
4. Ny skule på Tennebø, utan idrettsdel. Samfunnshallen og fleirbrukshallen skal brukast til gym.

30.01.2014 Planutvalg

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Rådmannens forslag til struktur for barneskolene, er 3 barneskoler og at dette legges ut på ny høring.

Planutvalget diskuterte saken.

Et samlet Planutvalg kom frem til at 2 alternativ for barneskolestruktur legges ut på høring:

- 3 barneskoler
- skolestruktur som i dag med 5 barneskoler.

Plassering og renovering/nybygg av Vågsøy Ungdomsskole:

Høyre v/ordfører Morten A. Hagen fremmet følgende forslag til vedtak:

«Planutvalget vedtar at ungdomsskolen på Gotteberg skal renoveres eventuelt erstattes med nybygg på eksisterende tomt. Det bes om at administrasjonen setter i gang en prosess med prekvalifisering til en totalentreprise der alternativer for ungdomsskolen blir utarbeidet og lagt frem for endelig valg av alternativ.»

Sp v/repr. Asgeir Solheim fremmet følgende felles forslag til vedtak fra SP, FrP og Bryggjalista:

«Planutvalget vedtar at ungdomsskolen på Gotteberg kan renoveres for 50-70 mill, evt. erstattes med nybygg på Gotteberg eller Tennebø. Det bes om at administrasjonen setter i gang en prosess med prekvalifisering til en totalentreprise der alternativer for ungdomsskolen blir utarbeidet og lagt frem for endelig valg av alternativ.»

Votering

Det ble først votert over et samlet Planutvalg sitt endringsforslag om å legge saken ut på ny høring med 2 alternativ til fremtidig struktur i barneskolene. Dette ble enstemmig vedtatt.

Deretter ble det votert alternativt over forslagene fra H og SP, FrP og Bryggjalista om renovering eller nybygg av Vågsøy ungdomsskole.

Forslaget fra Høyre v/ordfører Morten A. Hagen ble vedtatt mot 3 stemmer.

PU-006/14

Vedtak:

1. Saken blir på nytt lagt ut på høring med følgende alternativ til struktur:
 - 3 barneskoler
 - skolestruktur som i dag med 5 barneskoler
2. Planutvalget vedtar at ungdomsskolen på Gotteberg skal renoveres, eventuelt erstattes med nybygg på eksisterende tomt. Det bes om at administrasjonen setter i gang en prosess med prekvalifisering til en totalentreprise der alternativer for ungdomsskolen blir utarbeidet og lagt frem for endelig valg av alternativ.

03.04.2014 Oppvekst- og kulturutvalg

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite og kommunalsjef Tone Holvik orienterte og svarte på spørsmål.

FRP- v/Kåre Eide fremma følgende forslag til vedtak:

«Ny ungdomsskole bygges på Tennebø i tilknytning til MVS og Nordfjordhallen.

- den rimeligste løsningen
- stordriftsfordeler
- større fagmiljø
- fremtidsrettet løsning (svømmehall/kommunesammenslåing)

VUS rehabiliteres til et felles 5-7 trinn.

Skram: 1-4 trinn/SFO/Skramsmarka benytter ledig areal

Skavøypoll: 1-4 trinn/SFO/Skavøypoll barnehage benytter ledig areal

Raudeberg: 1-4 trinn/SFO/Skarevik benytter ledig areal

*Bryggja:1-4 trinn/SFO/Ledig areal barnehage? mm

*Holvik: 1-4 trinn/SFO/Ledig areal benyttes som barnehage

Det vurderes om 1-4 trinn på Skram legges til 5-7 trinn i Måløy, i så fall gjenbruk/sal av Skram.

*Det vurderes på sikt (tidligst 2017?) om 1-4 trinn på Bryggja og i Holvik blir for små, i så fall går de henholdsvis til Skavøypoll/Skram, eventuelt Måløy 1-7 trinn.

I tillegg så vurderes det:

- en skolekrets (en rektor?)
- redusere og bedre utnytte personalressurser
- felles systemer og innkjøp
- vaktmestertjenester på anbud

Dette er:

-det beste alternativet for brukerne (innbyggerne, barn og foreldre).

-frigjør areal som det er et stort behov for

-totalt sett det som utløser minst utbygging, et nybygg for ungdomstrinn, nødvendig rehabilitering for 5-7 trinn og kun nødvendig vedlikehold på øvrig bygningsmasse (eventuelt salg av Skram)

-det skulle ikke forundre med om dette også er en av de rimeligste løsningene.»

Votering

Det vart først votert over FRP-v/Kåre Eide sitt framlegg til vedtak. Dette falt mot ei røyst.

Oppvekst- og kulturutvalet røysta deretter over rådmannen sitt forslag punktvis:

1. Kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014 – 2024, Strukturdel.

5 røyster for - 1 røyst mot.

2. I den framtidige strukturen vert Holvik skule omgjort til framtidig barnehage (noverande Holvik barnehage og Skramsmarka barnehage). Noverande Skramsmarka barnehage vert lagt ned.

3 røyster for - 2 røyster mot.

3. Kommunen skal ha 3 barneskular lokalisert til Skavøypoll, Skram og Raudeberg.

3 røyster for - 3 røyster mot, leiar si dobbelrøyst gir fleirtal for rådmannen sitt forslag.

4. Ungdomsskolen i Vågsøy skal framleis vere lokalisert på Gotteberg.

5 røyster for -1 røyst mot.

5. Opplæring i og på teiknspråk (OL § 2-6) vert lagt til Skavøypoll skule.

5 røyster for - 1 røyst mot.

6. Særskilt norskopplæring for språklege minoritetar / morsmålsopplæring vert lagt til Skram skole.

5 røyster for - 1 røyst mot.

OK-018/14

Vedtak:

1. Kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014 – 2024, Strukturdel.
2. I den framtidige strukturen vert Holvik skule omgjort til framtidig barnehage (noverande Holvik barnehage og Skramsmarka barnehage). Noverande Skramsmarka barnehage vert lagt ned.
3. Kommunen skal ha 3 barneskular lokalisert til Skavøypoll, Skram og Raudeberg.
4. Ungdomsskolen i Vågsøy skal framleis vere lokalisert på Gotteberg.
5. Opplæring i og på teiknspråk (OL § 2-6) vert lagt til Skavøypoll skule.
6. Særskilt norskopplæring for språklege minoritetar / morsmålsopplæring vert lagt til Skram skole.

03.04.2014 Planutvalg

Møtebehandling:

Rådmann Knut Ove Leite orienterte.
Planutvalget diskuterte.

Sp, FrP og Bryggjalista fremmet følgende endringsforslag til rådmannens innstilling:
Venstre var og delvis med på fellesforslaget:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 Kommuneplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014-2024, Strukturdel.
2. Skuletilbodet i den framtidige strukturen skal vere på dei 5 noverande skulane Bryggja, Skavøypoll, Skram, Holvik og Raudeberg.
3. Ungdomsskolen på Gotteberg kan renoverast for kr 50-70 mill eventuelt erstattast med nybygg på Gotteberg eller Tennebø.
4. Opplæring i og på teiknspråk (OL § 2-6) vert lagt til dei skulane som utfører dette i dag, Bryggja og Holvik.
6. Særskilt norskopplæring for språkleg minoritetar/morsmålsopplæring vert lagt til Skram Skule.

Pkt. 1 og 6 er det samme forslaget som i rådmannens innstilling og innstilling fra Oppvekst- og kulturutvalget.

AP v/repr. Kristin Maurstad fremmet følgende nytt pkt. 5 til rådmannens forslag:

«Opplæring i og på teiknspråk (OL § 2-6) vert vurdert lagt til Skavøypoll skule.»

Votering

Det ble først votert over pkt. 1 i innstilling fra OK-utvalget.
Dette ble enstemmig vedtatt.

Det ble deretter votert over pkt. 2 i innstilling fra OK-utvalget. Dette falt mot 3 stemmer.

Det ble så votert alternativt over pkt. 2 fra endringsforslaget fra SP, Bryggjalista, FrP og Venstre mot pkt. 3 i innstilling fra OK-utvalget. Endringsforslaget fra SP, Bryggjalista, FrP og Venstre ble vedtatt mot 3 stemmer.

Det ble votert alternativt over pkt. 4 i innstilling fra OK-utvalget og pkt. 3 i endringsforslaget fra SP, Bryggjalista og FrP. OK-utvalgets innstilling til vedtak ble vedtatt mot 3 stemmer.

Det ble votert over pkt. 5 fra innstilling i OK-utvalget. Dette falt enstemmig.

Det ble votert alternativt over pkt. 4 i endringsforslag fra SP, Bryggjalista og FrP og endringsforslag fra AP v/repr. Kristin Maurstad. Forslaget fra AP ble vedtatt mot 4 stemmer.

Det ble til slutt votert over pkt. 6 i innstilling fra OK-utvalget. Dette ble enstemmig vedtatt.

PU-020/14

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 Kommuneplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014-2024, Strukturdel.
2. Skuletilbodet i den framtidige strukturen skal vere på dei 5 noverande skulane Bryggja, Skavøypoll, Skram, Holvik og Raudeberg.
3. Ungdomsskolen i Vågsøy skal framleis vere lokalisert på Gotteberg.
4. Oppplæring i og på teiknspråk (OL § 2-6) vert vurdert lagt til Skavøypoll skule.
5. Særskilt norskopplæring for språklege minoritetar / morsmålsopplæring vert lagt til Skram skole.

Nye opplysningar i saken

Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2014 – 2025, stukturdel vart lagt ut på offentleg høyring etter vedtak i planutvalet den 30.01.2014. Høyringa er kunngjort med brev til aktuelle høyringsinstansar, annonse i Fjordenes Tidende, på kommunen si heimeside og i papirversjon på kommunen sitt servicetorg. Høyringsfristen var 24.03.2014.

Saksutgreiing:

Då høyringsfristen gjekk ut var det kome inn 12 innspel på høyringa:

- SU/FAU Holvik skule
- SU/SMU Skram skole
- FAU Skram skole
- SU Skavøypoll skule
- FAU Bryggja skule
- Solveig og Jens Frode Vågen
- Personalet ved Bryggja skule
- Utdanningsforbundet ved Holvik skule
- Vågsøy Senterparti
- Vågsøy Fremskrittsparti kommunestyregruppa
- Vågsøy Arbeiderparti
- Bryggjalista

SU/FAU Holvik skule ynskjer å presisere at å velje skulestruktur for framtida i Vågsøy kommune er eit verdival. Dei ynskjer ein struktur der grunnleggande samfunnsverdiar vert lagt vekt på og at ein held fram med den strukturen vi har i dag. Vidare seier dei at dette alternativet gir lågaste investeringsbehov og vil kunne gje fleire ressursar til innhald og kvalitet i sjølve opplæringa, ikkje berre det fysiske miljøet.

SU/SMU Skram skole seier at til tross for bygningsmessige utfordringar med eldre bygningsmasse, tilgjengelege rom til fleksibel undervisning, garderobeforhold, mangelfullt vedlikehald m.m. fungerer Skram tilfredsstillande til eit elevtal på ca. 200 elevar. SU/SMU har ingen sterke meininger om framtidig skulestruktur i Vågsøy skal vere på 3 eller 5 barneskular. Skram må i alle høve rustast opp i eit langsiktig perspektiv. Det er behov for å ruste opp skulen slik at elevane på Skram har dei same fysiske læringsforhold som dei andre elevane i barneskulane i kommunen. Kommunen må vedta kringsgrenser. Det er ikkje pedagogisk forsvarleg å redusere tal barneskular utan å ruste opp mottakarskulane.

FAU Skram skole meiner at det er viktig å ta vare på det uteområdet som er på skulen i dag og ikkje bygge på dette. Skulen må utvidast for å ta i mot elevar frå andre skular. Skram skole kan ikkje plassere elevane der det er pedagogisk fornuftig i forhold til elevane sine behov, det er for få grupperom og garderobeforholda er vanskelege. Om kommunen vel å bygge på Skram skule med ei etasje på eksisterande bygningsmasse og med heis, er elevane på Holvik skule velkomne til Skram skole.

SU Skavøypoll skule tilrår at det vert bygd ny ungdomsskule i kommunen. Det må snarast mogleg takast ei avgjerd om kringsgrensene for Skavøypoll skule slik at strengt naudsynt utbygging er klar til skulestart hausten 2015. Utviding av undervisningsareal og utbetring av rustskada tak må sjåast i samanheng.

FAU Bryggja skule ynskjer framleis 5 barneskular i kommunen. Elevane her har det godt, i romslege og velfungerande omgjevningar. Elevane på Bryggja skal få dei beste vilkåra det er mogleg å gje dei så tidleg i livet. Vågsøy kommune må syte for at andre barn i kommunen får like gode føresetnader. Det er eit verdival å satse på noverande skulestruktur. Det bør byggast ny ungdomsskule på Tennebø.

Solveig og Jens Frode Vågen er oppteken av at den skulen/skulane som skal gje tilbod til tunghøyrd barn må ha god kompetanse på området og skulen/-ane må vere godt tilrettelagd fysisk.

Personalet på Bryggja skule ønskjer at noverande skulestruktur vert vidareført. Dei ynskjer å presisere at Bryggja skule ikkje er ein liten skule i Sogn og Fjordane samanheng. Dei ber om at det vedtaket som no vert gjort på struktur vert eit langsiktig vedtak. Bryggja skule er ein skule med gode forhold for både elevar og lærarar. Skulen har eit tett samarbeid med lag og organisasjonar i nærmiljøet. Personalet har god kompetanse på opplæring av elevar med hørselshemming. Om ein likevel vel å legge ned Bryggja skule er det viktig at Skavøypoll skule har kapasitet til å ta imot elevar og personale frå Bryggja.

Utdanningsforbundet ved Holvik skule meiner at det no er viktig å ta eit endeleg vedtak om framtidig og langsiktig skulestruktur. Dei åttvarar mot å bruke midlertidige løysingar. Nærleik og tryggleik er avgjerande verdival i eit samfunnsmessig perspektiv. Desse faktorane er ein føresetnad for god fagleg og sosial læring. Dei ynskjer å halde fram med strukturen som i dag.

SP ynskjer å oppretthalde alle dei 5 barneskulane og rehabilitere Vågsøy ungdomsskule.

FRP ynskjer 5 barneskular som no og ein sentral ungdomsskule. Avgrensa opprusting av ungdomsskule i noverande bygg, men dersom dette ikkje går må det byggast ny ungdomsskule på Tennebø.

AP ønskjer reelle tal på :

1. 3 skular i 20 års perspektiv, med naudsynt vedlikehald
2. 5 skular i 20 års perspektiv, med naudsynt utbygging/vedlikehald
3. 1 felles skule

Bryggjalista ønskjer å oppretthalde 5 barneskular. Vidare ønskjer dei ny ungdomsskule på Tennebø.

I etterkant av at saka er sendt ut på høyring har arbeidstilsynet kome med pålegg på Holvik barnehage. Konsekvensen av desse pålegga er at det ikkje er plass til både skule og barnehage i dei areala kommunen har i Holvik. Dette må løysast innanfor framtidig struktur.

Kommunen er og i eit generasjonsskifte når det gjeld fleire av rektorane. Allereie til hausten vil dette gje seg utslag.

Vurdering:

Det er eit stort ønske frå alle partar å få til ei framtidig og langsiktig løysing for strukturen innan oppvekstsektoren i Vågsøy. Det blir sett på som svært utarmande for lokalmiljø og fagmiljø å ha stadige diskusjonar om evt. skulenedlegging.

Val av struktur eit like mykje eit verdival som eit økonomisk val. Vågsøy kommune er ei geografisk kompakt kommune som i finansieringssystemet frå staten skal kunne drive med 1 skule. Kommunen har i dag eit samla driftsnivå som ligg langt over det vi har økonomi til å gjennomføre. Vel vi å bruke relativt meir pengar på ein sektor enn det samanliknbare kommunar gjer og finansieringssystemet tilseier at vi skal bruke, må det brukast mindre pengar på ein annan sektor. Dette er ei politisk prioritering som må kome klårt fram.

Dei fleste som har kome med uttale på høyringa ønskjer å oppretthalde dagens struktur.

Elevsamansetting komande skuleår:

Elevar	Skavøypoll	Raudeberg	Skram	Holvik	Bryggja	VUS
1. klasse	23	13	27	9	5	
2. klasse	23	16	27	5	7	
3. klasse	17	17	27	4	7	
4. klasse	23	9	34	8	7	
5. klasse	26	19	25	6	8	
6. klasse	18	12	28	11	5	
7. klasse	22	17	19	7	4	
8. klasse						65
9. klasse						83
10. klasse			1			67
	152	103	188	50	43	215

Holvik: 4 delt skule, Bryggja 3 delt

På Bryggja vil det frå hausten gå 4 elevar med rett til teiknspråkopplæring (OL § 2-6) som har nærskulen sin på Skavøypoll skule (ein elev i kvar av 3., 5., 6. og 7. klasse). Desse skal etter lova gå på Skavøypoll skule. Skal vi få dette til må den kompetansen lærar på Bryggja skule har opparbeidd seg flyttast til denne skulen.

På Holvik skule går det ein elev med rett til teiknspråkopplæring. Denne eleven går i 4. klasse.

Ny Skavøypoll	Klasse	Klasse	Ny Skram	Klasse	Klasse
28	14	14	36	18	18
30	15	15	32	16	16
24	12	12	31	15	16
30	15	15	42	21	21
34	17	17	31	15	16
23	11	12	39	19	20
26	13	13	26	13	13
0			0		
0			0		
0			1		
195			238		

På Skram skole er det pr. i dag 14 klasserom av ulik storleik + SFO
 På Skavøypoll skule er det pr. i dag 9 klasserom av ulik storleik + SFO

Skal Skram skole ta imot elevane frå Holvik skule må det investerast i påbygg i form av ei ny etasje, samt noko rehabilitering av eksisterande bygg.

På Skavøypoll skule må areal til multifunksjonshemma barn byggast til hausten 2015. Skal elevane på Bryggja skule flyttast til Skavøypoll må det byggast til areal som er naudsynt. I tillegg er det store utfordringar med eksisterande tak som må skiftast. Det er ein stor fordel både driftsmessig og økonomisk at dette vert løyst under eitt.

Opplæringslova § 2-6 *Teiknspråkopplæring i grunnskulen* gjev kommunen rett til å avgjere at opplæringa i og på teiknspråk skal gjevast på ein annan stad enn nærskulen. D.v.s at kommunen kan gje tilbodet ved ein av skulane i kommunen.

Opplæringslova § 2-8 *Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar* gjev elevar med anna morsmål enn norsk og samisk rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen. I innst. O. nr. 92 (2003-04) gjev departementet skuleeigar rett til å avgjere på kva måte ein ønskjer å tilby den særskilde norskopplæringa. Dersom det vert gitt morsmålsopplæring, kan den leggest til annan skule enn den eleven til vanleg går på.

Vågsøy ungdomsskule vert løyst ved det vedtaket som formannskapet har fatta:
«Planutvalget vedtar at ungdomsskolen på Gotteberg skal renoveres, eventuelt erstattes med nybygg på eksisterende tomt. Det bes om at administrasjonen setter i gang en prosess med prekvalifisering til en totalentreprise der alternativer for ungdomsskolen blir utarbeidet og lagt frem for endelig valg av alternativ.»

Vedlegg:

Nr	Type	Avs/mottaker	Journalposttittel	Brevdato
106	I	FrP v/Hogne Bleie	Høringsinnspill kommunedelplan oppvekst - Vågsøy FrP	25.03.2014
105	I	Bryggja skule v/Ranveig Isene	Innspel til Kommuneplan for oppvekst - strukturdel - Bryggja skule	24.03.2014

104	I	Skram skole v/Stephan Lexau	Innspel til Kommuneplan for oppvekst, strukturdel - SU/SMU v/Skram skole	24.03.2014
103	I	Vågsøy Arbeiderparti v/Kristin Maurstad	Høyringsuttale kommunedelplan oppvekst - Vågsøy Arbeiderparti	24.03.2014
102	I	FAU Bryggja skule v/Jetmund Gunnar Nyvang	Kommunedelplan: Innspill strukturdel FAU Bryggja	24.03.2014
101	I	Skavøypoll skule	Innspill til kommunedelplan for oppvekst, strukturdel - SU v/Skavøypoll skule	23.03.2014
100	I	Jens Frode Vågen	Innspel til kommunedelplan for oppvekst, strukturdel	20.03.2014
99	I	FAU ved Skram skole v/Elin Kråkenes	Innspill til skolestruktur i Vågsøy kommune - FAU Skram skole	24.03.2014
98	I	Bryggjalista	Høyringsuttale kommunedelplan skole i Vågsøy kommune - Bryggjalista	24.03.2014
97	I	Holvik Skule	Innspel til Kommunedelplan for oppvekst - Vågsøy kommune, Strukturdel 2014 - 2025 - Klubben v/Holvik skule	21.03.2014
96	I	Holvik skule, Samarbeidsuvalet	Innspel til Kommuneplan for oppvekst, strukturdel - Samarbeidsutvalet v/Holvik skule	19.03.2014
94	I	Vågsøy Senterparti	Skulebruksplan 2014-2025	12.03.2014

